

Fra: Elisabeth Valdersnes
Sendt: 3. desember 2014 09:06
Til: Elisabeth Valdersnes
Emne: VS: Kjøp/salg av tomter på Gards- og bruksnummer 233/6

Fra: Ingebjørg Eide [<mailto:ingebjorg@nwp.as>]
Sendt: 1. desember 2014 11:23
Til: Tor Hegle; Nils Kaalaas
Emne: Gards- og bruksnummer 233/6

Hei!

Eg og sambuaren min har nett teke over ein gard på Ostereidet. Vi planlegg å byggje hus, då det ikkje er noko hus på garden frå før. Dei bygningane som er på garden no er ein gamal låve, eit gammalt vaskehus og eit naust. Bestemor mi som vi har kjøpt eigedomen av, fortalde at Lindås kommune har tidlegare vore i kontakt med ho angående mogleg kjøp av tomter til bustad oppe ved kyrkja og skulen. Er dykk framleis interessert i dette? Vi ser at vi må selgje nokre tomter for å få råd til å byggje hus og kome i gong med å drive og vedlikehalde garden. Vi er interessert i å få seld dette så raskt som råd er om vi kan verte einige om ein pris. Om det ikkje er dykk som skal ha denne mailen, gje meg ei tilbakemelding på eventuelt kven vi kan snakke med i kommunen.

Og om kommunen ikkje er interessert i tomtekjøp for bustadar, kan dykk fortelje meg litt om korleis ein eventuell saksong for å skilje ut tomter og selje dei privat går føre seg?

På førehand takk!

Vennlig hilsen/Best regards,

Ingebjørg Eide

Project Manager

Norwegian Weather Protection AS

Phone: +47 56356400
mobile: +47 47655087
email: ingebjorg@nwp.as
web: www.nwp.as

